



STORTINGET

Innst. 383 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget
fra arbeids- og sosialkomiteen

Prop. 96 S (2021–2022)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Pensjonar frå statskassa

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

I samsvar med Grunnlova § 75 bokstav i blir det i proposisjonen lagt fram ei liste over dei pensjonane som gjeld mellombels, og som ikkje blei reviderte av det førre Stortinget.

Det blei i 2021 utbetalt 15 956 253 kroner. I statsbudsjettet for 2022 er det løyvt 16 800 000 kroner på kappittel 611 Pensjonar av statskassen.

1.2 Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ei særordning som gjev Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gi ei pensjonsyting til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte. Pensjonen byggjer ikkje på rettskrav, lov eller forskrift og blir gjerne omtala som gåvopensjon.

Proposisjonen gjeld lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar. Dei er i hovudsak sjølv borgarar i landet der dei arbeider.

Lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar skal sikrast gjennom lokale trygde- og forsikringsordningar, jf. Utanriksinstruksen.

Dei aller fleste lokalt tilsette er i dag omfatta av lokale ordningar. I nokre tilfelle kan det likevel hende at det

ikkje finst lokale ordningar, eller at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstrekkeleg. I ein slik situasjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale yttingar som blir utbetala månadleg, blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentleg tenestepensjonsordning. I staden for månadlege utbetalingar er det i nokre land vanleg at pensjonen blir betalt ut som eit einongsbeløp ved pensjonering. Slike yttingar kjem til frådrag i pensjonen ved at tidspunktet for utbetaling av pensjon blir utsett.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Tuva Moflag, Runar Sjøstad, Trine Lise Sundnes og Torbjørn Vereide, fra Høyre, Henrik Asheim, Anna Molberg og Aleksander Stokkebø, fra Senterpartiet, Anja Ninadotter Abusland og Per Olaf Lundteigen, fra Fremskrittspartiet, Dagfinn Henrik Olsen og Gisle Meininger Saudland, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Kirsti Bergstø, og fra Rødt, Emma Watne, viser til Prop. 96 S (2021–2022) Pensjonar frå statskassa, som gjelder der lokalt ansatte ved norske utenriksstasjoner ikke har, eller ikke er sikret, de ytelsene de har krav på ved alderdom, uførhet eller tap av forsørger, gjennom lokale ordninger. Komiteen viser til sine merknader i forbindelse med tidligere behandlinger av tilsvarende proposisjon og understreker igjen viktigheten av at lokalt ansatte ivaretas på

en god måte, og uttrykker tilfredshet med at det ble gjort et arbeid for å sikre dette, noe komiteen også har bemerket i tidligere innstillinger. Komiteen viser for

øvrige til regjeringens forslag til vedtak om pensjoner fra statskassen og slutter seg til dette.

3. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrige ingen merknader, viser til proposisjonen og råder Stortinget til å gjøre følgende

vedtak

om pensjonar frå statskassa

Opplysningar om søkjaren						Pensjon
Nr.	Kjønn	Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder)	Vedteke	Pr. mnd.	Gitt frå	Merknad
<i>Utanriksdepartementet</i>						
1	Mann	67	22.4.2021	15 262	1.1.2023	
2	Kvinne	57	19.5.2021	7 643	1.12.2021	
3	Kvinne	57	19.5.2021	6 697	1.12.2021	
4	Mann	60	28.5.2021	5 854	1.3.2024	
5	Kvinne	60	18.6.2021	5 977	1.11.2024	
6	Mann	60	28.6.2021	3 516	1.11.2024	
7	Kvinne	60	8.10.2021	884	1.3.2021	
8	Kvinne	55	14.10.2021	4 529	1.10.2021	
9	Mann	60	18.10.2021	1 357	1.7.2024	
10	Mann	60	22.10.2021	177	1.10.2024	

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 24. mai 2022

Kirsti Bergstø

leder og ordfører